



# Møteprotokoll

**Utval:** Stølsheimen verneområdestyre

**Møtestad:** Finnabotnen

**Dato:** 12.09.2022

**Tidspunkt:** 14:00 - 19:15

## Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Marta Sofie Vange	Medlem	Vik kommune

## Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Sigbjørn Hauge	Leiar	Voss herad
Petter Sortland	Medlem	Høyanger kommune
Kristina Vakt skjold Hamre	Medlem	Vestland fylkeskommune
Liv-Anne Aanesen	Nestleiar	Modalen kommune

## Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Reprenterer
------	-----------	-------------

## Merknader:

Det var berre ein styremeldlem som deltok på styremøtet. Referatsakene og delegerte saker vart lagt fram til orientering i dialogmøtet mellom Stølsheimen verneområdestyre og rådgjevande utval for Stølsheimen. Styremøtet og dialogmøtet vart gjennomført frå kl. 14.00 12. september til kl. 14.00 13. september.

Det er skrive eige referat frå dialogmøtet.

## Andre frammøtte:

Namn	
Anbjørg Nornes	sekretær / verneområdeforvaltar

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Marta Sofie Vange

## Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 27/22	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 28/22	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 29/22	Orienteringar og referatsaker		
RS 6/22	Dialogmøte Stølsheimen verneområdestyre og rådgjevande utval 12. og 13. september 2022		2019/18547
RS 7/22	Svar - Stølsheimen landskapsvernområde - Vassøyane - Eksingedalsvassdraget - melding om å senka vass-standen under innløpsterskel		2022/9567
RS 8/22	Stølsheimen verneområde - Kunngjering - fastsett planprogram - klimaplanen - innspel til planrevisjon		2022/9233
RS 9/22	Dispensasjon - delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - motorferdsel til Vassøyane		2020/3571
RS 10/22	Dispensasjon - delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - Vassøyane - motorbåt for inspeksjon av tappeluke		2020/3571
RS 11/22	Dispensasjon - delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - motorferdsel med båt - oppfiskingsprosjekt		2022/8949
RS 12/22	Stølsheimen landskapsvernområde - landingsløyve - Vøvringen 75/3 - Vik		2022/7845
RS 13/22	Delegert vedtak - dispensasjon - Stølsheimen landskapsvernområde - Finnabotnen - motorisert ferdsel - restaureringsarbeid - kulturlandskapet		2020/2589

### ST 27/22 Godkjenning av innkalling og dagsorden

#### Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 12.09.2022

##### Handsaming i møte

##### Vedtak

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

### ST 28/22 Val av styremedlem til å skrive under protokollen

## Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 12.09.2022

### Handsaming i møte

Det var berre ein styremedlem på møtet, og det var difor ikkje val av styremedlem til å skriva under protokollen.

### Vedtak

Møteprotokollen er signert av styremedlem Marta Sofie Vange. Ho var einaste styremedlem som deltok på dialogmøtet mellom Stølsheimen verneområdestyre og rådgjevande utval for Stølsheimen.

## ST 29/22 Orienteringar og referatsaker

### Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 12.09.2022

#### Handsaming i møte

Referatsaker og delegerte saker vart lagt fram til orientering i dialogmøtet.

Saker som vart diskutert i dialogmøte med rådgjevande utval (RU):

#### Solcellepanel og antenner på stølshus og hytter

Bruk av solcellepanel har blitt vanleg på fritidshus både i og utanfor verneområde. Det er kome opp solcellepanel på nokre stølshus og turisthytter i Stølsheimen landskapsvernområde. RU rå styrer til å laga retningslinjer for etablering av solcellepanel på bygningar i Stølsheimen landskapsvernområde. Oppføring av faste anlegg med solcellepanel og antenner bør vera søknadspålagt tiltak slik at verneområdestyret kan vurdere om tiltaket påverkar landskapets art og karakter.

#### Omsyn til villrein i handsaming av saker i verneområdestyret

RU minner verneområdestyret om at omsyn til villrein må leggast vekt på i alle saker som kan ha verknad på leveområde for villreinen i Fjellheimen villreinområde.

#### Nytt dialogmøte i 2023

Verneområdestyret og RU ynskjer å ha dialogmøte hausten 2023 i Torvedalen eller området Vassøyane/Selhamar.

Innspela i diskusjonane kan lesast i referatet frå dialogmøtet.

### Vedtak

Referatsaker og orienteringssaker vart tatt til orientering.